

Forskrift om skolereglar for Nordahl Grieg videregående skole, Vestland fylkeskommune

Heimel: Fastsett av rektor ved Nordahl Grieg videregående skole 29.juli 2025 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 10-7.

§ 1. Formål

Det lokale tillegget om mobilbruk skal sikre ei god og tydeleg handtering av skolereglane, med mål om eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring, jf. Opplæringslova § 12-2.

Mobilreglane skal bidra til meir arbeidsro i timane for å sikre eit godt læringsmiljø og rette fokuset på læringsaktivitetane. Dei skal også bidra til eit tryggare klasserom der ein unngår negativ bruk av bilete, sosiale media og anna.

§ 2. Verkeområde

Dei lokale reglane gjeld alle elevar ved Nordahl Grieg videregående skole. Tillegget regulerer korleis elevane skal kunne bruke mobiltelefonar/andre digitale einingar i opplæringssituasjonar i og utanfor skolen.

§ 3. Gjennomføring

- a. Mobiltelefonar skal i alle undervisningsøkter vere ute av syne og sett i flymodus/stillemodus
- b. Eleven skal legge mobiltelefonen der lærar avgjer at den skal leggst, t.d i skolesekken

- c. Lærer avgjør når mobiltelefonen skal brukast i opplæringsaktivitetar og når den skal leggst bort igjen
- d. Elevane kan nytte mobiltelefonen i friminutt
- e. Det er ikkje lov å ta eller dele bilete frå undervisningssituasjonar utan løyve frå lærar

§ 4. Sanksjonar

1. *Synleg bruk av mobil eller bruk av mobil i undervisningssituasjonar utan avtale med lærar gjeld som brot på skolereglane og vil føre til merknader på åtferdskarakteren. Det same gjeld om ein tek eller deler bilete utan løyve. Jf. §8 i forskrift om skulereglar i Vestland fylkeskommune*

§ 5. Ikraftsetjing

Det lokale tillegget trer i kraft 1.8.2025